

**Fra:** Morten Gullaksen <mortgul@hotmail.com>  
**Sendt:** 02.11.2022 16:36:24  
**Til:** Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>  
**Kopi:** Liv Øydis Trædal <Liv.O.Tredal@masfjorden.kommune.no>  
**Emne:** Sv: Bassenget på Matre

---

Hei igjen

Me hadde jo håpa på eit anna svar, spesielt med tanke på at tilbakemeldinga frå Liv Øydis Trædal som var positiv til tiltaket.

Eg har vore badevakt for Risnes IL i bassenget på Matre i over 25 år

Når det gjelt innsyn til bassenget frå gang og trapperom så kan dette enkelt løysast med ei gardin/klede foran dør og vindu over dør.

I tillegg så har vi spurt om tidsrommert frå kl 20-22 om torsdagkvelden for å unngå at nokon skal føle seg støtt av ein naken kropp.

Kva de meiner når de skriv at det er felles garderobe i basseng så skjønner eg ikkje kva de meiner.

Det blir berre brukt ein garderobe ved naturistbading, har vore på slike badinger i Bergen og snakka med andre som har besøkt andre basseng.

Her blir garderobe, dusj og badstu brukt av begge kjønn.

Mvh

Morten Gullaksen

**Fra:** Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>  
**Sendt:** tirsdag 1. november 2022 12:14  
**Til:** mortgul@hotmail.com <mortgul@hotmail.com>  
**Emne:** SV: Bassenget på Matre

Hei!

Vi har no vurdert saka angående naturistbading i bassenget på Matre.

Slik vi ser det pr. i dag ligg ikkje dei fysiske forhold på Matre til rette for å gjennomføre dette.

Det er trimrom med tilkomst 24/7 og basseng som har felles garderobe, og der er innsyn til bassenget frå dette arealet.

Dette ser vi kan verte ei utfordring.

Vi beklagar dette og håpar at ein kan nytte bassenget på ordinære vilkår når det elles er bading.

Rita Ludvigsen  
Oppvekstleiar  
Tlf.45376315



Masfjorden kommune

- Ein kommune me er stolt av

---

**Fra:** Liv Øydis Trædal <Liv.O.Tredal@masfjorden.kommune.no>  
**Sendt:** onsdag 28. september 2022 11:18  
**Til:** Morten Gullaksen <mortgul@hotmail.com>  
**Kopi:** Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>  
**Emne:** SV: Bassenget på Matre

Hei !

Eg har prøvd å kontakta bassenget i Lavik og Os for å høyra om deira erfaringar og tilretteleggingar ang naturistbading. Men ingen kan hjelpa. Veit du om nokon som har dette tilbodet ?  
Eg er ikkje den som skal gje endeleg svar her, men personleg meiner eg at tiltaket er positivt.  
No set eg Rita Ludvigsen-oppveksleiar- på saka og så får me sjå om ho kan finna ut meir. Men veldig fint dersom du sjølv set med viktig informasjon som kan vera med å løysa dette.  
Kan legga til at det enno er litt uklart når bassenget vert opna.

Ha ein fin dag !

Mvh Liv Ø. Trædal

---

**Fra:** Morten Gullaksen <[mortgul@hotmail.com](mailto:mortgul@hotmail.com)>  
**Sendt:** torsdag 18. august 2022 20:33  
**Til:** Liv Øydis Trædal <[Liv.O.Tredal@masfjorden.kommune.no](mailto:Liv.O.Tredal@masfjorden.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Bassenget på Matre

Hei igjen

No er det ei stund sidan vi hadde kontakt og hausten nærmar seg.  
Er det nokon oppdatering her?

Mvh  
Morten Gullaksen

---

**Fra:** [Morten Gullaksen](#)  
**Sendt:** torsdag 17. februar 2022 kl. 17.36  
**Til:** [Liv Øydis Trædal](#)  
**Emne:** Sv: Bassenget på Matre

Hei på deg

Ja, det vart mange mellomlandingar her 😊

Men då håper me at det ordner seg til det beste  
No har eg fått oppdatert telefonen din også

Mvh  
Morten Gullaksen

---

**Fra:** Liv Øydis Trædal <[Liv.O.Tredal@masfjorden.kommune.no](mailto:Liv.O.Tredal@masfjorden.kommune.no)>  
**Sendt:** torsdag 17. februar 2022 13:54  
**Til:** Morten Gullaksen <[mortgul@hotmail.com](mailto:mortgul@hotmail.com)>  
**Emne:** SV: Bassenget på Matre

Hei !  
Pussig at de skulle havna hjå meg, men eg skal jobba med saka. Er for øvrig på telefon 95 10 77 10.  
Du skal høyra frå meg.  
Mvh  
Liv Øydis Trædal

---

**Fra:** Morten Gullaksen <[mortgul@hotmail.com](mailto:mortgul@hotmail.com)>  
**Sendt:** torsdag 17. februar 2022 12:47  
**Til:** Liv Øydis Trædal <[Liv.O.Tredal@masfjorden.kommune.no](mailto:Liv.O.Tredal@masfjorden.kommune.no)>  
**Kopi:** [imhwiogo@hotmail.com](mailto:imhwiogo@hotmail.com)  
**Emne:** Bassenget på Matre

Heisann  
Har prøvd å ringe deg men fekk desverre ikkje kontakt på telefonen (94506931)  
Har no vore i kontakt med Arthur Sjursen, Frank Kvinge, og Rita Ludviksen og har til slutt havna hjå deg.  
Då det visstnok er du som styrer bassenget og har oversikta over bruken og tilgangen her.

Saken er den at me vil prøve om det er interesse for naturistbading i kommunen og treng derfor adgang til bassenget på kveldstid.  
Har sett for oss mellom kl 20 og 22 på torsdagene. Planen er å starte opp til hausten igjen.

Mvh  
Morten Gullaksen  
Risnes IL